



Statens vegvesen

Siv. ing. Vidar Mjøs
Fabrikkgaten 7B
5059 BERGEN

Behandlande eining: Sakshandsamar/telefon: Vår referanse: Dykkar referanse: Vår dato:
Region vest Marianne Skulstad / 55516253 17/45595-2 27.04.2017

Avkøyrslø til Sveene bustadfelt – Kløve – Lindås kommune

Vi viser til dykkar førespurnad i brev datert 27.mars 2017 om alternativ avkøyrslø til Sveene bustadfelt i Lindås, utbyggingstrinn 1 og 2.

Statens vegvesen meiner at den permanente tilkomsten til Sveene bustadfelt bør skje i tråd med gjeldande reguleringsplan, jf. reguleringsføresegn §4.1 *Vegar og fortau skal byggjast som vist på plankart*. Den regulerde løysinga er utarbeida gjennom ein grundig reguleringsplanprosess, og er etter vårt syn den beste løysinga her.

Avkøyrsla til landbruksvegen/anleggsvegen i området er ikkje godkjent for bruk. Statens vegvesen ga et førehandstilsegn 28.03.2014, med 3 års gyldigheit. Dette er no utgått, og vi har ikkje fått førespurnad om godkjenning av avkøyrsla. Bruk av avkøyrsla som er opparbeidd er difor ikkje godkjent.

Ved ønskje om mellombels tilkomst frå vest i byggefasen, må ein i første omgang avklare med kommunen om tiltaket krev dispensasjon frå overordna plan. Når dette er avklart kan ein eventuelt søkje om mellombels avkøyrslø. Dette vil bli vurdert og handsama i tråd med våre rutinar for avkøyrsløsoknader.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
overingeniør

Marianne Skulstad
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Kopi
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ